

## **Hei kommunedirektør!**

Vert og sendt til : Formannskapsmedlemmar og gruppeleiarar.

### **Uavhengig, ekstern vurdering i byggesak på eigedom 129/4.**

Registrerar at kommunedirektøren, i brev av, 05.11.2024, orienterte formannskapsmedlemmar og gruppeleiarar, om at han vil gå i dialog med ordførar om å tinge uavhengig, ekstern vurdering i byggesak på 129/4.

Eg antar at eit fysisk byggesakstilsyn vil vera ei sentral oppgåve i samband med dette oppdraget.

Status tilsyn:

#### **Tilsyn utført av Bergen kommune:**

På side 6 i rapport frå tilsyn utført av Synnøve Handeland framgår det at Bergen kommune, etter oppdrag, berre har gjennomført utvendig tilsyn av eksisterande bygg. Synnøve Handeland har i eigen E – post stadfesta at dette er riktig. Innhaldet i rapporten stadfestar det same då mange store og konstruksjonsmessig kompliserte bygningsmessige tiltak ikkje er med. Av rapportens innhald, er det ingen ting som tyder på at Bergen kommune har vore inne i bygget. Ikkje eit bilde er å oppspore etter synfaringa. Resultat: ein ufullstendig og ubrukeleg rapport, utført i samsvar med bestilling frå byggjesaksadministrasjonen. Ein hadde likevel fått med ein ubestilt? , men, av kommuneadministrasjonen godt likandes konklusjon, om at saka burde avsluttast.

Synfaringa vart gjennomført saman med representantar for tiltakshavar. Vårt ynskje om å få vera tilstade under tilsynet, for å påvise tiltak som var aktuelle for vurdering vart avvist.

#### **Tilsyn utført av Synnøve Handeland:**

Det er stilt spørsmål til Handeland sine kvalifikasjonar innanfor byggkonstruksjon og bygningsfag. Fleire kompliserte konstruksjonsmessige tiltak er ikkje vurdert i rapporten i det heile andre er feilvurdert. Advokat Lars Selmar Alasker med bygningsrett og forvaltningsrett som spesialområde, uttalar med støtte i byggteknisk rapport frå siv. Ing. Andre Bjørndal, at konklusjonane i rapporten er basert på feil juss og feil faktum.

Tilsynet vart utført av Synnøve Handeland saman med 4 representantar for tiltakshavar. Vårt ynskje om å vera tilstade under tilsynet, for å påvise tiltak som var aktuelle for vurdering vart avvist.

#### **Nytt tiltak:**

Kommunedirektøren omtalar det nye tiltaket som ein uvanleg framgangsmåte for å styrkje tillit. Det er gjennomført to mislukka tilsyn på bygget, på grunn av at store og kompliserte tiltak ikkje er notert og vurdert. Ut frå historie og kommunedirektøren sitt ynskje om opparbeide tillit, meiner eg det er forvaltningsmessig forsvarleg at vi får vera tilstade under komande tilsyn.

Tillet oss å nevne at Sivilombodet etter grundig gjennomgang av vårt varsel om mogeleg ulovleg bygg m/ vedlegg, konkluderte: « ein forsvarleg forvaltningsmessig handtering av denne saka krev synfaring og forhøyr av partar».

**Vi ber om at:**

Kommunedirektøren i oppdragsavtale med ekstern konsulent viser til, at vi som sterkt berørt nabo, skal ha høve til å vere tilstade under tilsyn, og at vi skal varslast i god tid før tilsyn vert gjennomført.

Vi ynskjer rask tilbakemelding frå kommunedirektøren!

« Ellers meiner mange at det er på tide at politikarane tar full kontroll over saka»

Med venleg helsing!

Ivar Kåre Døssland